
Frå: Bent Gunnar Næss
Send: tysdag 16. juni 2020 09:17
Til: Hallvard Hallstein Oppedal; Karstein Totland; Kjetil Eikefet; Lars Fjeldstad; Per Lerøy; Sara Sekkingstad; Stian Herøy; Gjermund Hagesæter; Reidun Halland; Ingvild Kirsti Hjelmtveit; Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke; Liv Løvvik; Svein Helge Hofslundsengen; Ørjan Raknes Forthun; Post Austrheim; Post Masfjorden kommune; Post Osterøy; Postmottak Alver; Postmottak Fedje; Postmottak Gulen kommune; Postmottak Modalen Rune Heradstveit
Kopi:
Emne: Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Regionrådet sak 21/20 - oppfølging i kommunane
Vedlegg: Forprosjekt - interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland.pdf; Kommunestyrevedtak oppstart - sakutgreiing.pdf; Kommunestyrevedtak oppstart - sakutgreiing.docx

Til Ordførar og rådmenn i Region Nordhordland

Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Viser til sak 21/20 i Regionrådet sitt møte 05.06.20 der prosjektplanen for Interkommunal plan for sjøareal vart lagt fram.

Rådmannsutvalet hadde handsama saka i møte 29.05.20 og oppmoda om at Regionrådet slutta seg til prosjektplanen

Regionrådet slutta seg til prosjektplanen og oppmodar kommunane om å handsame denne saka i første kommunestyremøte hausten 2020.

Regionrådet gjorde følgjande vedtak:

Vedtak:

Regionrådet stiller seg bak forprosjektet og vidare plan. Regionrådet rår kommunestyra å bli med i den interkommunale planen for sjøareal og velje medlem med vara til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU).

Regionrådet stiller seg bak dette forslaget til kommunestyrevedtak:

1. NN kommune vedtar å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i NN kommune.
3. NN kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. NN kommune vel xx til medlem med xx som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

Vedlagt er:

- Forslag til saksutgreiing og vedtak i kommunestyret (ligger også ved som eit Word dok)
- Prosjektplanen for Interkommunal plan for sjøareal

Ber om å få tilsendt ein kopi av kommunestyret sitt vedtak.

Med venleg helsing

Bent Gunnar Næss | Prosjektleder | Nordhordland Utviklingsselskap IKS | Region Nordhordland

Tlf. +47 48 12 46 23 | www.regionnordhordland.no